



Årsmelding 2017 Langrennsgruppa

- Styret 2017:
- leiar: Daniel Breivik
 - Kasserar: Magnar Breivik
 - Styremedlem: Hogne Søholt
 - Anleggsansvarleg Bondalseidet: Arild Bjørdal
 - Anleggsansvarleg Mosløyva: Helge Moe
 - Trakkeansvarleg: Jan Olav Bjørdal

Sportsleg resultat:

Det har ikkje vore mange sportslege resultat å snakke om i 2017. Kun på birkebeinerrennet og nokre få lokale turrenn finn ein løparar fra Øil på startlista, men det vert færre og færre som stiller. I 2017 var det også eit par ørstingar som prøvde seg på ski classics-løpet Toblach-Cortina. Resultatlista stod heldigvis på italiensk. Det er framleis ingen barn/unge som konkurrerer for Ørsta IL i langrenn, men det er ingen tvil om at det på sikt bør vere ei målsetning

Aktivitet:

Vinteren 2017 var prega av svært vekslende vær. Nedbøren som kom som snø regna stort sett vekk etter nokre dagar. I løypa på Mo var pågjekk det også transport av tømmer på setrevegen. På grunn av brøyting av vegen mista ein her sikkert 3 veker med skiføre i januar. På Bondalseidet var forholda litt bedre, men også her tok mildværet knekken på skiføret fleire gongar i løpet av sesongen. På grunn av verforholda vart ikkje vinteren 16-17 noko godt år for langrennsporten. Men heldigvis kom det snø relativt tidig i november og på Bondalseidet har skiføret var bra i vekene før nyttår.

Ørsta IL langrenn er ikkje lenger med å arrangere trimmrenna på Bondalseidet. Fellestreningane, med intervalltering i skåla på tirsdagane og joggetur på Mo på fredagane, var i fjor nesten sjølvslutta pga dårlig oppmøte. Og i 2017 vart dei sjølvslutta.

Anlegg:

På Bondalseidet har det vore problem med drenering som ikkje tek unna vatn når det vert kombinasjon av regn og snøsmelting vinterstid. Dette har ført til at vatn renn over løypa og snøen forsvinn. Det vart difor forsøkt å utbedre dette i haust. Det vart leigd inn gravemaskin for å renske

opp og grave djupare grøfter og det vart lagt ny stikkrenner fleire stader. Så langt ser det ut for at arbeidet har vore vellykka. Slikt arbeid er viktig å prioritere dersom vinterane framover vert milde og våte. Vi fekk tilskot fra Ørsta Kommune på 12500kr til dette arbeidet.

På Mo/daleteigane har det vore lite fellesdugningar i 2017, men løypenettet held seg rimelig bra. Turstiane vert svært mykje brukt og slitasje er rimelig stor så ein vert heller ikkje arbeidsledig i 2018.

Også i 2017 har dugnadsinnsatsen vore god. Det er ingen tvil om at 2 skiløyper og eit nettverk av turstiar krev mykje av dei få medlemmane i gruppa, men det er heller ingen tvil om at arbeidet som vert lagt ned vert lagt merke til og satt stor pris på av dei mange brukarane av løypene.

Økonomi:

2017 vart ei greit økonomisk år for langrennsgruppa. Inntektene var på 89853kr og utgiftene kom på 99874kr. Dette gir eit negativt driftsresultat på 10021 kr. Men det er verdt å merke seg at 1/3-del av reknskapsførte driftsutgifter er avskrivningar (33000kr). Dette er først og fremst avskrivning av trakkemaskina. Vi fekk inn 19500 kr i sponsorinntekter fra lokalt næringsliv for salg av annonser til programheftet som vert utdelt på premieutdelinga til trimrenna. Gåveinntektene fra brukarane av løypene var på 18800kr, og det er lavare enn det har vore siste åra. Dette skyldast truleg at den dårlige skisesongen. Ellers er det vert å nemne at det var inngått avtale med Tussa om leige av stolpar til å henge opp fiberkablur på Bondalseidet. Tussa betalte ein eingangsum på 15000kr for dette og skal betale ei årleg leige i åra framover. På utgiftsida var det utgifter til anlegg som var største post med 29209 kr. Her er det først og fremst utgifter til drenering på Bondalseidet og innkjøp av lysarmaturar.

Bondalseidet skitur lag hadde lite inntekter i 2017 pga ein dårlig skisesong og overskotet vart på knapt 4000kr til fordeling på Øil langrenn, Hil langrenn og Ørsta skisenter

Per Hjelle og Helge Moe vart utnemnt til æresmedlemmar i Øil i 2017 etter fleire tiår med enorm dugnadsinnsats for laget.

For styret i langrennsgruppa

Daniel Breivik

